



ÅRSMELDING 2022

SAKSARBEIDET

Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett omfattar i alt 15 kommunar i Sunnhordland og Nord-Rogaland, og har kontorstad på Stord.

I 2022 kom det inn 45 nye sakskrav, og det blei avslutta 61 saker. Talet på føreliggande saker ved årsskiftet var 75. Det betyr at restansane har gått ytterlegare ned. Med to nye jordskiftedommarar ligg det til rette for god saksgjennomføring i åra som kjem. Hovudtyngda av dei avslutta sakene gjaldt tvistar om rettstilhøve, særleg knytt til private vegar og tvistar i strandsona. Resten gjaldt endringar i arealbruken samt rettslege skjønn.

RETTSMEKLING

Rettsmekling har vore eit satsingsområde også i 2022. Mange av dei avslutta sakene blei avslutta ved rettsforlik etter rettsmekling. I 2022 blei 10 saker avslutta med rettsforlik etter rettsmekling.

I dei aller fleste tvistesaker og rettslege skjønn får partane tilbod om rettsmekling.

PERSONELL

Bakke, Terje Olav	Overingeniør
Eikemo, Brita	Førstekonsulent
Grytøyr, Stine P.	Jordskiftedommarfullmektig
Kannelønning, Jan V.	Overingeniør
Kleppa, Knut Sveinung	Jordskiftedommar 1.feb 23
Lande, Kristin	Jordskiftedommar 1.feb 23
Lønning, Hanne K.	Førstekonsulent
Roalkvam, Oddmund	Jordskifterettsleiar
Steinsbø, Kjell	Rettsmeklar
Svandal, Magnus I.	Overingeniør
Vedøy, Emma K.	Lærling
Wiik, Jan Ottar	Jordskiftedommar

ØKONOMI

Driftsrekneskapen for 2022 viser eit forbruk på kr. 9,4 mill. Gebyrinntektene for 2022 var på 0,9 mill.

OPPGÅVENE TIL JORDSKIFTERETTEN

Jordskifteretten er ein særdomstol som har som mål å løyse problem/spørsmål knytt til fast eigedom. Administrativt er jordskifteretten underlagt Domstoladministrasjonen. Jordskifteretten har heimel til å avsei dom i ulike eigedomstvistar samt å ta avgjerd om t.d. arealbyte, oppløysing av sameige, omskiping og avskiping av rettar og ulike bruksordningar. Ein del rettslege skjønn ligg også innanfor jordskifteretten sitt kompetanseområde. Jordskifteretten utfører grensemerking og kartlegging i sakene, slik at avgjerdene vert godt dokumenterte for ettertida. Krav om jordskiftesak skal sendast til adressa nedanfor.

Skjema kan takast ut på www.jordskifte.no. Der kan ein også finne meir informasjon om jordskiftedomstolane.

HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND JORDSKIFTERETT

Osen 6, postboks 49, 5401 Stord

Telefon: 53 40 27 20

E-post: jstopost@domstol.no

Heimeside: <http://www.domstol.no/jsto>

Internett: www.jordskifte.no



Overingeniør Jan Vidar Kannelønning på målearbeid